NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10 Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Selgord

Emne: Lyngeing og mosing. Bygdelag: Langlim

Oppskr. av: Olav Bakken Gard: Bakken

(adresse): Flatdal G.nr. 114 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

No er lyngfôret slutt med, men det går gråsegn om at bustelyng vart nytta som hestefôr. Dei hermer at Olav Sveinson, gorde våronni på Dalid med berre bustelyng. Han slo lyng med langljå, og hakka det smått og strøydde mjøl på og stella hesten i våronni med det.

Har ikkje høyrt at noko slag lyng vert samla til hjelpefôr i grannebygdene heller no lenger. Men i skrapslåttene vert det ofte raska med noko blåbærlyng t.d. saman med finntust og blåsprett, bjønnebeku, låpræt og starr. – Eg er vel vand med skrapslått, må tru.

Mosing.

For 40 år sidan hugsar eg me mosa på denne garden. Det var kvit reinsmose me reiv og la i saman i haugar på fjelltoppane i Furufjell. Om vinteren drog karane det heim på vedaklakken. Me nytta det som løype saman med agner og høyfrø for stornauti.

Men matmosen nyttar ein den dag i dag til grisefôr.

1715

Den sankar ein helst i tørrver og ber han heim i sekker. Ein kokar han saman med høyfrø og mais eller sammale bygg og det vert ei god matbryggel dette.

Det er då for det meste sumarsfor for grisen dette. Einskilde har lagra mose på heii (staulen) til vinterfor - men dette vert meir og meir slutt med.

Granlav trur eg aldri i større mun har vore nytta som fôr. - endå geitene er slie nok etter lav har eg sett.

22/5-48 O.B.

1715
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING